

9E og 10B ved Voss ungdomsskule
Olavsvegen 5
5700 Voss



Invertapro
Øvre langhaugen 23
5709 Voss

Ein ny fabrikk skal kanskje byggast på bømoen, mellom IHM og Bjørkeelva. Bygget skal huse ein industriell symbiose der fleire ulike bedrifter oppnår sirkulærøkonomi gjennom at avfallstoff eller biprodukt frå ei bedrift, vert nytta som resurs eller råstoff i ei anna. Bygget/fabrikken skal i tillegg samhandle med nytt biogass-anlegg på IHM, men ser no etter andre bedrifter som kan bli ein seksjon i den sirkulære fabrikk.

Invertapro har fylgjande oppdrag til dykk, fordelt på tre team, ingeniørteam, marknadsteam og konseptteam.

1. Ingeniørteam

- Lage forslag til utforming av fire fabrikkbygg (4 x ~2000kvm) som kan huse t.d. larveproduksjon, biogassanlegg, vertikalt landbruk og algeproduksjon.
- Lage forslag til utforming av eit fellesbygg som fungerer som felles resepsjons/mottaksbygg (~500kvm)
- Lag eit forslag til kvar fabrikkområdet skal stå på tomta.
- Lage forslag til korleis bygga med ulike formål kan plasserast i forhold til kvarandre, gitt spesifikke krav.

2. Marknadsteam

- Lage og gjennomføre ei marknadsundersøking, som skal kartlegge interessa for prosjektet blant:
 - Lokalbefolkninga
 - Lokale bedrifter
 - Lokale skular og andre læringsinstitusjonar.
- Oppretthalde epostkorrespondanse med Invertapro.
- Opprette og gjennomføre mediakampanje gjennom tradisjonelle og sosiale media.
- Dokumentere arbeidsprosessen frå start til slutt, for å kunne vise dette til kundar og investorar.

3. Konseptteam

- Sjå på moglegheita for industriell symbiose mellom larveproduksjon og:
 - Vertikalt landbruk
 - Algeproduksjon
 - Biogassanlegg
 - Andre forslag?
- Undersøke korleis ein kan kombinerer desse på eitt område, slik at biprodukt til ei bedrift skapar råvarer til den neste, osv.

Alt arbeidet må dokumenterast og gruppa skal presentera resultatet for Invertapro. No skal de bruke neste time på å søke dykk til dei teama de ynskjer å jobbe på. Deretter vil de bli kalla inn til gruppeintervju. Når tilsetjingsprosessen er ferdig, vil de få utdelt ei meir detaljert skildring av dei ulike oppdraga.

Alle teama skal presentere resultatet av arbeidet dykkar, som ein pitch til oss torsdag 25. mars kl. 10.00. Lukke til!